

Høyring- Forslag til endringar i reguleringa av deltakelsen i fangst av snøkrabbe

Viser til brev datert 29.06.2023, med referanse 22/18580

Koral fjord AS gjorde i perioden 2016-2017 val om å satse på snøkrabbe fangst for å kunne vere med å utvikle snøkrabbefisket og samtidig skape trygge arbeidsplassar. Valet om å gjere innkjøp og ombygging av fartøy for å spesialisere seg på fangst av snøkrabbe, samt innkjøp av vegn blei gjort hausten 2016. Krabbe produksjonsfabrikk samt deksarrangement blei sett i bestilling, og plass på verft blei fastsett til våren 2017.

Det som skjedde vidare er av avgjerande betydning for utfallet vårt prosjekt fekk. Russiske myndigheiter bestemte seg for å lukke den russiske delen av smuttholet der det var eit lønsamt fiskeri. Det var likevel optimisme å spore i næringa og blant myndigheitene om at dette måtte nok ordne seg slik at Norske fiskarar kunne gå tilbake på dei aktuelle felta i den russiske delen av smuttholet innan kort tid. Dette skulle vise seg å bli ei feil vurdering utan at nokon kunne lastast for dette.

I det som var ei kostbar investering so blei det etter oppstart sommaren 2017 kom der gradvis økonomiske utfordringar. Russisk sone i smuttholet forblei stengt og i Norsk sone var der svært liten fangst. Koral fjord AS valte å sette snøkrabbe fangsten på pause og i staden rigge om fartøyet til alternativ fangst på kvitfisk. Dette for å unngå tap av arbeidsplassar og på sikt unngå so store økonomiske problem at drifta vart gjort umogleg.

For Koral fjord AS har tida etter satsinga på snøkrabbe fangst dreia seg om målretta og hardt arbeide for å gjenoppbygge økonomien i selskapet slik at skal kunne starte opp fangst av snøkrabbe på nytt.


Ber no om at det blir tatt omsyn til oss som var tidleg ute og starte med fangst av snøkrabbe og som måtte pause vår deltaking jamfør med ovanfornemnte slik oss kan få lov til å delta også i framtida i dette fiskeriet. Det at Koral fjord AS gjekk framføre og gjorde ei omfattande ombygging og betydeleg investering er ein av grunnane til at det blei danna ny optimisme og engasjementet til dei som kom etter oss. Dette har igjen gjort at snøkrabbefangsten har fortsatt og grunnlaget for eit framtidige lønsame arbeidsplassar og fiskefartøy med sunn økonomi skal kunne bli ein realitet.

Koral fjord AS

Brattvåg 30.09.23

Ronny Nogva

Dagleg leiar



CORAL ARCTIC